



UTDANNINGS  
FORBUNDET

Vår dato  
19.2.2009

Dykkar dato

Vår referanse  
08/01753-2

Vår sakshandsamar  
Per Arne Sæther

Avdeling  
Avdeling for  
utdanningspolitikk

Dykkar referanse  
200602232

Arkivkode  
62



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

## Høyring - forslag til endringar i rammeplan for faget Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL) i allmennlærerutdanninga og førskulelærerutdanninga

### Generelt

Utdanningsforbundet har sidan innføringa av KRL-faget støtta intensjonen om eit ikkje-forkynnande fellesfag om religion, livssyn og etikk i grunnskulen. Målet må vere eit samlande fag der alle elevar er inkludert, eit fag som kan skape ein felles arena der etiske, filosofiske og religiøse spørsmål kan danne ramme for ein reell dialog og utvikling av respekt og toleranse mellom ulike religionar og livssyn. Utdanningsforbundet meiner at det har vore nødvendig å gjere justeringar i faget slik at det kjem i samsvar med dommen i den europeiske menneskerettsdomstolen. Det er bra at ein no følgjer opp dette med endringar i rammeplanane for allmennlærerutdanninga og førskulelærerutdanninga

I høyringa om framlegg til lovendringar støtta Utdanningsforbundet at faget skulle få namnet "Religion, livssyn og etikk". Vi reknar med at faget skal ha det same namnet i lærerutdanninga. Utdanningsforbundet ser det som viktig at namneendring, lovendringar og læreplanendringar både i skulen og i lærerutdanninga set sterkare fokus på det inkluderande dialogfaget og strekar under likskapen i måten dei ulike religionar og livssyn skal presenterast på. Samstundes må ein finne ei løysing innafor det totale regelverket for faget som tek vare på kristendomen sin plass i den norske kulturarven og det norske samfunnet.

Vi har merka oss at ein del av endringsframlegga kan seiast ikkje å vere knytt direkte til endringane i faget etter EMD-dommen. Det kan stillast spørjeteikn ved behovet for nokre av desse endringsframlegga i denne samanhengen når hovudmålet med endringane er å rette opp rammeplane i høve til endringane i faget i Kunnskapsløftet.

## Merknader til forslaget til endringar i rammeplanen for allmennlærerutdanninga

### Formål og egenart

Utdanningsforbundet meiner det er bra at ein knyter formuleringane i første avsnitt nær til læreplanen for faget i Kunnskapsløftet. Avsnittet har fått ei god utforming. Vi er likevel noko i stuss på kvifor siste punktum har fått ei anna utforming her enn i rammeplanen for førskulelærerutdanninga. Vi støttar formuleringa i førskulelærarplanen og meiner at tillegget etter siste komma - "*religiøse eller ikke-religiøse*" – er unødvendig.

I andre avsnitt er det gjort endringar som etter vår meining ikkje er knyta til endringane i faget i grunnskulen. Vi har likevel ikkje innvendingar til forslaga.

Vi støttar tillegget i siste punktum i tredje avsnitt som viser til menneskerettane.

Det er bra at forslaget til rammeplan får eit fjerde avsnitt i samsvar med læreplanen i Kunnskapsløftet. Utdanningsforbundet er nøgd med den utforminga læreplanen fekk etter høyringa, der ein presiserer at opplæringslova sine omgrep "objektiv, kritisk og pluralistisk" inneber at undervisninga skal vere sakleg og upartisk. Det er naturleg at "*allmennvitenskapelige normer*" kjem inn i andre punktum, men kan ikkje sjå at det er føremålstenleg å gjere andre endringar i setninga i høve til det som står i læreplanen for Kunnskapsløftet. Vi går imot at ein gjentek omgrepa "objektiv, kritisk og pluralistisk" i denne setninga og meiner det både er unødvendig, og at det ikkje støttar opp om den nødvendige klårgjering av kva som ligg i opplæringslova sine omgrep.

### Målområder

Dei endringane som er foreslått her har liten direkte samanheng med endringane i faget. Utdanningsforbundet er einig i at det er viktig at arbeidet med målområda skal sikre faglig utvikling i eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, didaktisk refleksjon og praksiserfaring. Det er viktig at alle fag bidrar til fagleg refleksjon, og det er naturleg at slik refleksjon i eit verdifag vil kunne føre til refleksjonar i høve til eigen verdiforankring. Vi meiner likevel det blir feil å legge personleg vekst og refleksjon over eigen verdiforankring og praksis inn som eit mål for faget i lærerutdanninga. Utdanningsforbundet meiner at slike målsettingar for faget ikkje er eigna til å bygge opp om at faget RLE i grunnskulen skal vere eit ordinært skulefag og eit ikkje-forkynnande fellesfag prega av dialog og utvikling av respekt og toleranse mellom ulike religionar og livssyn.

### Faglig og fagdidaktisk kunnskap

Utdanningsforbundet meiner at forslaget til samordning av kulepunkt under overskrifta "Religioner og livssyn" i hovudsak er godt. Formuleringane byggjer opp under målet om å behandle dei ulike religionane og livssyna likeverdig. Vi meiner likevel at kulepunkt fire om sekulære livssyn må delast opp på same måte som kulepunkt tre. Vi meiner ein bør bruke uttrykket "*sekulære livssyn*" som tidlegare, i staden for forslaget om å bruke "*sekulære livssynstradisjoner*". Kunnskap om skriftradisjonar må komme inn også under punktet om

sekulære livssyn. I læreplanen for RLE i Kunnskapsløftet er dette omtalt felles for religionar og livssyn under avsnittet ”*Hovedområder i faget*”.

### **Å være lærer i RLE**

Vi har ingen merknader til endringane.

### **Samhandling og refleksjon**

Utdanningsforbundet meiner det er svært bra at tredje kulepunkt blir endra frå ”*kunne hjelpe hver enkelt elev videre i eksistensielle spørsmål av etisk, religiøs og livssynsmessig art*” til ”*kunne veilede elevene i deres arbeid med eksistensielle spørsmål av etisk, religiøs og livssynsmessig art*”. Den nye formuleringa fjernar ein mogleg uklårleik i høve til forkynning i faget og følgjer dermed opp EMD-dommen på ein god måte. Dessutan er det viktig at ein går bort frå fokuset på den enkelte eleven og knyter rettleiinga i eksistensielle spørsmål til arbeid med faget i læringsfellesskapet i tråd med vektlegginga av tilpassa opplæring innafør fellesskapet i St.meld. nr. 31 (2007-2008).

## **Merknader til forslaget til endringar i rammeplanen for førskulelærerutdanninga**

### **Formål og egenart**

Utdanningsforbundet støttar endringsforslaga.

### **Målområder**

Vi har ingen merknader til endringsforslaget.

### **Pedagogisk arbeid med barn**


Høyringsdokumentet har forslag til to nye kulepunkt. Det første av desse (kulepunkt 3) er nokså overlappande med kulepunkt 2 som også omhandlar kristendommen. Det neste nye kulepunktet (kulepunkt 4) omhandlar andre religionar og livssyn. Utdanningsforbundet meiner at det er nok med eitt kulepunkt for kristendommen og eitt for andre religionar og livssyn. Vi meiner det må komme fram at studentane skal ha kunnskap om aktuelle emne både innafør kristendommen og andre religionar og livssyn. Dei må ha kunnskap om og kunne anvende forteljingar og tradisjonar. Både kunnskapselementet og det å kunne anvende tradisjonar særleg knytta til høgtider må kome fram i både i kulepunkt som skal gjelde kristendommen og i kulepunkt som skal gjelde andre religionar og livssyn.

Tilføyinga i siste kulepunkt er etter vår oppfatning ikkje direkte knytta til endringane i RLE-faget i Kunnskapsløftet. Tilføyinga, som gjeld at ein ikkje berre må kunne analysere, prioritere og handle i ulike situasjonar og konflikhtar i barnehagekvardagen, men at ein må kunne handle ”*etisk begrunnet*”, er eit godt forslag som vi støttar.


## Samhandling og refleksjon

Vi sluttar oss til endringsforslaget. Det er bra det blir lagt større vekt på at studentane skal ha innsikt i rolla til barnehagen og førskulelæraren generelt og i samband med samarbeid internt og eksternt og i samband med etisk forsvarleg krisehandtering.

Med vennleg helsing  
for Utdanningsforbundet



Torbjørn Ryssevik  
avdelingssjef



Per Arne Sæther  
seniorrådgiver